

Forteljinga om Ivar Aasen

Blomar ved bauta 13. juni 2019

Det blir gjerne sagt at forteljingar og det å fortelje er ein måte vi menneske strukturerer liva våre på. Vi treng strukturar og meining for å leve gode liv. Med andre ord: Forteljingar trengst for å leve.

I kva grad folk ser på liva sine som forteljingar, varierer sikkert. Men om vi gjer det, så trekkjer vi nok sikkert både frå og legg litt til, slik at det står fram som meiningsfullt. For å seie det med Ibsen: «Tar De livsløggen fra et gjennomsnittsmenneske, så tar De lykken fra ham med det samme.»

Ivar Aasen var ikkje eit gjennomsnittsmenneske, men han likte strukturar og system. Å sjå den store samanhengen i det enorme språklege materialet som fanst i Noreg, kunne verke som ei umogleg forskingsoppgåve å ta på seg, også med tanke på kor vanskeleg det var å ta seg fram i Noreg på den tida.

I den epokegjerande teksten «Om vort Skriftsprog» frå 1836 legg Aasen fram sitt syn i forteljinga om Noreg og kva vi burde gjere i spørsmålet om språket. Tonen i teksten er myndig og klar, og mange setningar har ein sjølvsgd stad i forteljinga vår om språket, slik som «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte».

Merkeleg nok valde Aasen å ikkje publisere denne teksten, truleg fordi innhaldet var for radikalt, og fordi posisjonen hans i 1836 ikkje var noko å fare med blant menn som Henrik Wergeland og Peter Andreas Munch.

Men Ivar Aasen vart likevel den som sette handling bak orda, sjølv om dei ikkje stod på trykk i noka avis. Om ein kan tale om eit vendepunkt i livet til Aasen – eit avgjerande skilje i forteljinga – så må det ha vore på reisa til Bergen i 1841, og særskild då biskop Jacob Neumann endeleg hadde tid til å snakke med Aasen. Frå å vere ein gåverik privatlærer på Sunnmøre, gjekk Aasen no over i det offentlege rommet då biskopen let prente ein sjølvbiografi Aasen skreiv på dagen då han var i Bergen, og dessutan ein omtale av han, i Bergens Stiftstidende.

I denne augneblinken i livet hadde Aasen kanskje klart føre seg at dette var ein eineståande sjansje som baud seg fram: Her kunne han gjere eit val som endra livet hans.

Og han greip sjansen.

På same måten ser ein dette i Carl Frode Tillers romanunivers, når karakterane der blir stilte overfor heilt tydelege val i livet: Skal dei gjere gode handlingar mot medmenneska sine, eller skal dei gjere dårlege val? Skal dei gjere det dei sjølve vil, eller det som er forventa av dei?

«Jo lenger eg venta, jo tydelegare stod det for meg at dette var ein situasjon der eg kunne velje mellom godt og vondt. Eg kunne for eksempel seie 'eg hører du seier det', og dermed la henne ligge der og ha det vondt, eller eg kunne seie eitt eller anna eg visste ville trøste henne, for eksempel 'det går fint, Turid, og unnskyld for at eg oppførte meg sånn'.»

Slik står det i romanen *Begynnelser*.

Sett under eitt er forteljinga om Ivar Aasen ei eineståande, spennande historie som har i seg så mange ulike element. Eitt av desse elementa er også kjærleikslivet hans, det vil seie mangelen på det. Vi veit at Aasen grunda ein del på at han aldri vart gift. I den heltedyrkande biografitradisjonen utvikla dette seg til å bli ei martyrforteljing, der Aasen ofra kjærleiken og livslykka si for å gi folket eit språk.

Spørsmålet er om ikkje Aasen fekk det akkurat som han ville, utan at det nødvendigvis var eit stort offer for han. Då han reiste til Bergen i 1841, var det fordi han ønskte å bruke evnene sine til noko anna enn å vere lærar. Og då han skreiv i sjølvbiografien at «Jeg vil forsøge et saadant Arbeide», så var i det vissa om å få bruke evnene sine på best mogleg måte.

Aasen valde å leve i skrifta, og skrifta levde i han. Dét har ført til at framifrå forfattarar som Carl Frode Tiller kan skrive nye forteljingar i eit skriftspråk dei har funne røysta si i.

Vanlegvis seier vi takk, Ivar Aasen; men i dag er det også på sin plass å seie takk til bipersonane i forteljinga. Så difor: Takk, biskop Jacob Neumann. Takk, Frederik Moltke Bugge. Og forresten: Takk også til deg, kaptein Daae, for at du gav Aasen 20 spesidalar, slik han kunne reise til Bergen og det som vart vendepunktet i forteljinga om Ivar Aasen.

Til lykke med Dei nynorske festspela!

Anders Aanes

Konstituert dagleg leiar i Ivar Aasen-tunet